

## NYTTÅRSHILSEN FRA PRESIDENTEN

## NORGES VEKTLOFTERFORBUND



# Godt nytt år vektløftarnorge!

Året går mot slutten, og eg vil med dette summere opp året som gjekk og komme med nokre refleksjonar inn mot 2024.

## Sportsleg

2023 vart nok eit sportsleg jubelår sett internasjonalt, ekstra gledeleg at det i år ikkje berre var jentene som sanka medaljane. Våre medaljar for senior, U23 og ungdom i VM og EM:

- Solfrid Koanda: VM-gull i støt, bomma dessverre ut i rykk. EM gull i rykk, støt og samanlagt.
- Ine Andersson: EM-sølv i støt.
- Ragnar Holme: EM U23, gull i støt og sølv samanlagt.
- Nikolai Aadland: EM U17, bronse i støt og samanlagt.

Med årets ni internasjonale medaljar so har samla tatt 30 medaljar dei siste tre åra. Det er eg svært stolt over, gratulera so mykje til utøvarar, trenarar, klubbar og alle som bidrar.

## Norgesmesterskap

Årets NM har blitt gjennomført på ein strålende måte, takk so mykje til Nidelv, Tysvær, Vigrestad, Tambarskjelvar og Spydeberg.

## OL 2024

Solfrid sitt flotte resultat på Cuba i juni gjer at ho ligg inne på 3. plass i 81 kg klassen, og er dermed so klar som det er mogeleg å vere til å få delta under OL i Paris. Gratulerar so mykje med det. Ine var også på nivået som vil trengast for OL plass på Cuba (då i 64 kg klassen), men fekk dessverre ein skade i støt som gjorde at ho ikkje fekk resultat.



Børge Aadland og Nikolai Aadland på pallen i EM ungdom 2023 i Moldova.

Ho har deretter mått jobba målretta for å komme tilbake gjennom hausten, og står på for å komme seg opp på OL nivå. Vidare har også Ragnar eit håp om OL deltaking i +109, so det vert spennande månader fram mot EM i februar og Grand Prix i Thailand.



// vektlifting

## VM 2025 i Førde

Organisasjonen er i godt arbeid fram mot VM som er tidsett 1. - 10. oktober. Rolf Kjetil Egge starta 1. juni som administrasjonssjef, so er ein i sluttfasen med ein del spennande søknader inn mot ulike sparebankstiftingar. Det vil bli gjennomført prøve-VM 12.10.24.

## Økonomi

Budsjett for 2023 som vart vedtatt av tinget kom vi dessverre ikkje i mål med på inntektssida. Styre og administrasjon har gjennom året vert opptatt av å vere ansvarlege, og det har vert kutta både kostnader kva gjeld både administrasjon, OLT satsing og anna sportsleg satsing gjennom samlingar og Nordisk mesterskap. Dette er trasig, men ser vi på utfordringane andre forbund har hatt gjennom året, so vil eg meiner vi har styrt godt og ansvarleg gjennom året.

## Olympiatoppen

Støtta for 2023 vart rekordstor, men vi meiner den utifrå våre sportslege resultat skulle vert endå høgare. Vi vart på hausten plukka ut til å vere med i det krevjande steget for 2023 og 2024, dette håpar og trur eg skal gje eit viktig steg for våre komande OLT utøvarar. Vi er i god dialog med Olympiatoppen inn mot støtte og samarbeide for 2024. Her er tanken at vi skal kunne gje eit betre tilbod til dei utøvarane som ikkje får direkte støtte frå Olympiatoppen, og vi har engasjert ein trenar frå Armenia som skal gjennom ein prøveperiode for m.a. å jobbe med dei fire utøvarane som har takka ja til å vere med i det krevjande steget.

## Trenarutdanning og kursverksemد

Det har i 2023 blitt arrangert både trenarkurs og dommarkurs, takk til både kursdeltakrarar, instruktørar og arrangørar. Eg håpar og trur at vi i 2024 skal få tatt steg inn mot det kommersielle kva gjeld å selje vår kompetanse innan trening. Dette inn mot andre idrettar, skule og helsevesen samt inn mot treiningssenter bransjen. Vi har ein ettertrakta kunnskap som vi kan bruke både til å gje oss inntekter men også som ledd i vekst og utvikling.

## Leiar og trenar seminar

Endeleg fekk vi i 2023 gjennomført trenarseminar, og ein fin gjeng var samla på Toppidrettsenteret over tre dagar. Våre venner frå Tyskland samt fagpersonar frå Olympiatoppen stod for eit svært godt program, og eg ser fram til nye samlingar for dei viktige trenarane våre. Vidare planlegg vi eit leiarseminar 16.03.24 som er dagen før Forbundstinget 2024, bed alle om å merke seg desse dagane alt no.

## Sponsorar/støttespelarar

Norsk Lek og Park, Berge Rederi og Eleiko er med oss framleis, det set vi stor pris på. Vidare vert det både frå NVF og VM 2025 si side jobba med potensielle sponsorar, dette bør kunne gje gode utslag i 2024.

## Administrasjon

Det er no eit år sidan vår nye generalsekretær tok til i stillinga si, vidare har Emelie også vert i sving i åtte mnd. Eg er svært fornøgd med desse to nykommarane i organisasjonen vår, og ikkje minst har eg store forventningar for det som skal komme. Rebekka fekk i sommar permisjon for å jobbe 100% i NIF og sett i lys sviktande inntektsside so var det ikkje rom for å erstatte ho. Emelie og Svein-Erik har bretta opp ermane og stått på for å løyse både eksisterande og nye oppgåver, takk for det!

## Styre

Eg vil avslutningsvis takke styret i NVF som eg meiner har gjort ein god og samvittigheitsfull jobb i eit krevjande idrettsår. Vi har hatt gode diskusjonar rundt mange av sakene som har vert til handsaming, til tider vert litt ueinige - og har etter mitt syn klart å lande på gode vedtak som er til beste for norsk vektløfting.

## Takk for eit godt 2023, og dei beste ønskje for eit framgangsrikt og godt 2024!

Beste helsing,



// vektløfting